

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 18.4.23

Stad: Melahytta

### Sak 12/22. Søknad om fellingsløyve til jaktkarusell

#### **Saksopplysing/vurdering:**

Skyttarlag Aurland og Stålring skal arrangera jaktkarusell med 6 skytingar frå slutten av april og utover. Det vert søkt fjellstyret om eit fellingsløyve for rein, som tidlegare år. Det er Magne Forberg som har sendt søknad på vegne av dei to laga. Fellingsløyvet skal trekkjast mellom dei som har delteke i minst 3 av 6 skytingar. Søkjaren ber om å få opplyst kva type fellingsløyve som vert gjeve, dersom fjellstyret gjer positivt vedtak.

Fjellstyret har i mange å gjeve eit fellingsløyve for fritt dyr til jaktkarusellen. Grunngjevinga har vore at denne skytinga gjev verdfull trening for dei som går på jakt i Aurland, noko som kan vera med på å betra skytedugleiken og på den måten kanskje redusera faren for skadeskyting av dyr under storviltjakta. I 2021 vart det gjeve eit fellingsløyve for kalv, grunngjeve med den store nedgangen i fellingskvote. Det same vart gjeve til jaktkarusellen i fjar. Framlegget frå villreinutvalet for Nordfjella er 80 løyve til jakta i år, mot tildelt kvote på 99 i fjar. For fjellstyret vil det gje ein nedgang frå 14 i fjar til omlag 11 løyve i år – alt tildelt som løyve for bukk 1 ½ år og eldre, med høve til å skyta kalv i staden for bukk, dersom villreinutvalet sitt kvoteforslag vert godkjent av villreinnemnda.

Eg vil føreslå at fjellstyret dette året òg held av eit fellingsløyve til jaktkarusellen. Sidan alle løyve vert like i år, seier det seg sjølv at dette vert eit fellingsløyve for bukk 1 ½ år og eldre, med høve til å fella kalv i staden for bukk.

#### **Framlegg til vedtak:**

Fjellstyret gjev eit fellingsløyve for bukk 1 ½ år og eldre til jaktkarusellen som skyttarlag Stålring og Aurland gjennomfører våren 2023.

Fjellstyrekontoret, den 13.4.23

Harald Skjerdal

## SØKNAD

Stålring, og Aurland Skyttar held fram med jaktkarusellen for jegerane i Aurland i år og. Det er lagt opp til 6 rundar i karusellen med start siste veka i april med siste runde 2 veka i juni. Jegerane som deltek må vera med på minimum 3 rundar av dei 6 som vert arrangert (50%) for å kunne delta i trekninga om premien.

Skyttarlaga søker Aurland Fjellstyre om eit fellingsløyve som premie til den som blir trekt ut, og som har fullført karusellen.

Fint om dykk angir kva type fellingsløyve som vert tildelt om dykk vel å støtte tiltaket.

Høyrer frå dykk.

På vegne Stålring og Aurland Skyttarlag

Magne Forberg, leiar